

Vår saksbehandlar  
Monica Drage Thorbjørnsen

Dokumentdato  
29.09.2023  
Dykkar dato

Vår referanse  
2022/19236 THMO  
Dykkar referanse

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS  
Att.Berit Haga Vikanes  
Postboks 291  
5203 OS

## **Automatisk tilbakemelding - Varsel om oppstart av Detaljregulering for naust - og fritidsbustad Aravikjo, gbnr. 8/67 Ytre Håvik - PlanID 202306 - Bømlo kommune**

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til plansaka som de har sendt på høyring. DSB har diverre ikkje kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker og sender difor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvaltaren som skal følgje opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Statsforvaltaren har også eit ansvar for samordning av statlege innseiingar til kommunale planar.

DSB har innseiingskompetanse etter plan- og bygningslova i plansaker som rårar følgjande område:

- Verksemder som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemder
- Transport av farleg gods
- Brannstryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta)

Sidan Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å følgje opp samfunnstryggleik i planar, vil også desse områda kunne inngå som ein del av Statsforvaltarens si oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvaltaren og vil gje fagleg innspel til Statsforvaltaren om det er naudsynt.

**Om det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaka, bed vi om at høyringa sendast inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva tilhøve det bedast om uttale frå DSB til.**

**Dersom plansaka gjeld areal knytt til etablert storulykkeverksemd eller areal der ein planlegg etablering av anlegg som sikkert eller kanskje vil bli storulykkeanlegg, ber vi også om at høyringa blir send DSB på nytt. Det må gå fram av oversendinga at saka gjeld plansak knytt til anlegg omfatta av storulykkeforskrifta.**

Vi viser elles til [www.dsb.no](http://www.dsb.no) for DSB sin rettleiar om samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen og rettleiar om tryggleiken rundt storulykkeverksemder.

Med helsing  
for Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap  
Arkivseksjonen

Dokumentet er godkjend elektronisk og sendast derfor utan underskrift.

**Postadresse**  
Direktoratet for  
samfunnstryggleik og beredskap

Postboks 2014  
3103 Tønsberg

**Kontoradresse**  
Rambergveien 9, 3115 Tønsberg

**E-post**  
Postmottak@dsb.no

**Telefon**  
33 41 25 00

**Internett**  
[www.dsb.no](http://www.dsb.no)

**Organisasjonsnummer**  
974 760 983

ABO Plan & Arkitektur Stord AS  
Postboks 32  
5401 STORD

**Vår dato:** 11.10.2023

**Vår ref.:** 202314350-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes,  
22959527, toot@nve.no

## **NVE sitt generelle innspel - Varsel om planoppstart - Detaljreguleringsplan for naust og fritidsbustad Aravikjo - Gnr. 8 bnr. 67 - Planid. 202306 - Bømlo kommune - Planid. 202306**

Vi viser til varsel om oppstart datert 20.09.2023.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

### **NVE si generelle rettleiing**

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.



På NVE sine nettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløysingar](#).

### **NVE si oppfølging av planarbeidet**

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Toralf Otnes  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

### **Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND



Abo Plan & Arkitektur As  
Att: Berit Haga Vikanes  
Postboks 291  
5203 OS

## Bømlo kommune - Uttale til varsel om oppstart av detaljregulering for naust og fritidsbustad Aravikjo gnr8 bnr67 Ytre Håvik

Vi viser til oversending datert 20.09.2023.

### Saka gjeld

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for tilkomst, parkering og pumpehus til naustrekke N1 (lengst sørvest) i gjeldande reguleringsplan, samt justeringar i tråd med løyve og bygd situasjon. Det går ikkje fram av dokumenta at det skal planleggjast for tiltak i sjø.

### Fiskeridirektoratet si rolle i saka

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Samfunnsoppdraget overlappar i stor grad med FNs berekraftmål nummer 14 «Bevare og bruke havet og dei marine ressursane på ein måte som fremjar berekraftig utvikling». Vi skal ivareta fiskeri- og havbruksnæringane sine interesser i planarbeid.

### Generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur

På nettsida [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no)<sup>3</sup> har Fiskeridirektoratet samla si generelle planretteiing om fiskeri og akvakultur. Der informerer vi og gjev råd om mellom anna

- arealbehovet til sjømatnæringane
- kunnskapsgrunnlaget i kartløysninga «Yggdrasil»
- kriterium Fiskeridirektoratet nyttar for å vurdere kva spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning innanfor saksområda fiskeri, og tang og tarehausting, jamfør plan- og bygningslova § 5-4
- korleis fiskeri- og akvakulturinteresser kan sikrast i plankart og -føresegner

### Fiskeri- og akvakulturinteresser i området

I denne saka vil vi gjere særleg merksam på at det er registrert eit gytefelt for kysttorsk inst i Børøyfjorden og vidare inn i Havikosen. Gytefeltet er nemnt i planinitiativet, kor det heiter at føresegnene må sikre gytefeltet i sjø utanfor. Vi legg til grunn at gytefeltet vert teke omsyn til i tilfelle det vert planlagt for tiltak i sjø.

Fiskeridirektoratet har per i dag elles ikkje innspel til varsel om oppstart utover dei som følgjer av den generelle rettleiinga på nettsidene våre.

### Vidare planprosess

Fiskeridirektoratet ber om at innspela ovanfor vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet. Ved vidare kontakt i saka, ver venleg å vise til vårt saksnr. 23/12456 og nytte e-post-adressa [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no).

Med helsing

Tom Hansen  
seksjonssjef

Ann-Magnhild Solås  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*

#### Mottakarliste:

Abo Plan & Arkitektur As	Postboks 291	5203	OS
--------------------------	--------------	------	----

#### Kopi til:

Sør-Norges Fiskarlag	Postboks 936	6001	Ålesund
----------------------	--------------	------	---------





Berit Haga Vikanes

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Helle Holte Bruland, 5557 2324

## Uttale til oppstart - Reguleringsplan - Ytre Håvik - Aravikjo - naust og fritidsbustadar

Vi syner til dykkar oversending, datert 20.09.2023. Saka gjeld varsel om oppstart planarbeid for reguleringsplan for naust og fritidsbustadar i Aravikjo, gbnr 8/67. Statsforvaltaren har fått utsett uttalefrist til 23.10.2023.

Planområdet utgjer om lag 19,8 daa og består av hovudbruket, og fleire fråskilde naust- og fritidseigedommar. Det er om lag 20 eksisterande bygg innafor planområdet. Planendringa er primært knytt til naustområdet N1 heilt sør i planområdet, og gjeld slik vi oppfattar det ein allereie etablert tilkomstveg, parkering og eit pumpehus. Det er opplyst i saka at reguleringa ikkje vil ha stor verknad for området, då den vil oppdatere gjeldande plan til å vera i tråd med det som er bygt,



Figur 1 – utsnittet syner eldre reguleringsplan frå 1996, og planområdet som no er meldt oppstart for

### Våre merknadar

Vi vil påpeike at det er uheldig å regulere i etterkant av at tiltak er utført. Dette syner kommunen òg sjølv til i saksutgreiinga. Vi har elles merka oss dei svært gode vurderingane kommunen har lagt til grunn for planarbeidet, slik desse går fram av referat frå oppstartmøte. Vi er samd i at denne



planendringa må følgje ordinær prosess jf. pbl. § 12-14 første ledd, og ser positivt på at planen vert oppdatert.

### Konsekvensutgreiing

Det er vurdert av tiltakshavar og kommunen at planen ikkje utløyer plikt til konsekvensutgreiing. Det vert synt til at paragraf §6 og §8 i KU-forskrifta gjev unntak for tiltak som er vurdert i tidlegare plan, og det står at naust og fritidsbustad er i tråd med gjeldande plan og ikkje treng å bli utgreidd. Vi vil påpeike at unntaket frå KU-plikta gjeld der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne planen. Dersom tiltaket ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd i den gjeldande reguleringsplanen eller på kommuneplannivå, vil dette utløyse KU-plikt. Vi gjer merksam på at krava til konsekvensutgreiing vert betrakta som ein sakshandsamingsregel. Vurderingane som er gjort i tidlegare plan må gå fram av planforslaget.

### Strandsone


Vi syner generelt til at statlege planretningslinjer (SPR) og regionale planar alltid skal visast til og leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova. I dette planarbeidet vil *Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (2021)* vere særleg relevant, saman med regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger.

I dei statlege planretningslinjene er det lagt vekt på å oppretthalde og utbetre tilhøva for ålmenn ferdsel og opphald langs sjø. Vi ventar at planarbeidet kartlegg strandsoneverdiene og tek naudsynte omsyn som går fram av dei statlege planretningslinjene og av den regionale kystsoneplanen. Vi vil kunne koma med ytterlegare merknadar kring dette når planen vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

### Friluftsliv, landskap og ålmenne interesser

Planområdet grensar til omsynssone i sjø H530\_8 (friluftsliv) merka som «Ulvesøyane, Finnåsvika/ Børøyfjorden – friluftsområde og statleg sikra friluftsområde» i arealdelen kommuneplanen. Sjølv om ikkje arealbruken innafor planområdet direkte råkar dette arealet, så vil utbygging på land kunne ha verknad for verdi, bruk og oppleving av landskapet totalt sett og av areala i sjø.

Vi ser av flyfoto at det er gjort omfattande inngrep i areal som skulle vere sikra som samanhengande friareal/ grøntområde i den gjeldande reguleringsplanen, slik at det ikkje lenger er samanhengande, urørt strandsoneareal mellom naustområda i sør. Det er òg gjort store inngrep i areal, etter ein plan frå 1996, som ikkje lenger er i tråd med gjeldande krava til strandsoneforvaltninga. Vi tykkjer at dette



Figur 2 illustrasjonen syner strandsoneareala i 2013, mot dagens situasjon der arealet er fylt ut og det er etablert veg og parkering (fylkesatlas.)



er svært uheldig, og syner til at areal som ikkje lenger er eigna for utbygging grunna til dømes særskilte strandsoneverdiar eller anna, bør takast ut som utbyggingsføre mål av arealdelen.

Vi ventar at det vert gjort gode vurderingar av visuelle verknadar, og at det vert utarbeidd illustrasjonar som syner nær- og fjernverknad av til dømes veg, fyllingar og skjeringar samt terrenginngrep og utfylling ved sjø. Det må òg sikrast god tilkomst langs sjø forbi naustområdet sørover.

#### Born og unge

Alle som legg fram eit planforslag skal leggje til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl. § 5-1. Kommunen har eit særskilt ansvar for å sikre at born og unge og andre som treng særskilt tilrettelegging får delta i planarbeidet, jf. rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

Det er opplyst at det er eit lite leikeområdet innafor planområdet, og at tilkomstvegen er opparbeidd igjennom areal sett av til friareal i den gjeldande planen. Vi legg til grunn at det vert gjort gode vurderingar av verknadar tiltaka vil ha for bruken av desse areala, og at det vert sikra god og trygg vidare bruk av areala igjennom arealføre mål og førese gner.

#### Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl. § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl. § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Fare for t.d. stormflo, vindtilhøve og bølgepåverknad, òg auka trafikk i planområdet er aktuelle tema. Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko og både gjere greie for og grunngje dette valet. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast på plankartet med omsynssone, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføre segnene.

Vi viser m.a. til KMDs rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» og DSBs rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (jan. 2018).

Vi ber om at de tek omsyn til våre merknadar i det vidare planarbeidet. Vi tek ytterlegare stilling til statlege interesser når planen vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Helle Holte Bruland  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS  
Postboks 291  
5203 OS

---

Dato	19.10.2023
Vår referanse	2023/76976-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	90526060

## Innspel til oppstart av detaljregulering for naust og fritidsbustad - gnr. 8 bnr. 67 Aravikjo - Ytre Håvik - planID 202306 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 20.09.23 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Aravikjo, der hovudføremålet med reguleringa er naust og fritidsbustader. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan, der området er sett av til omsynssone der reguleringsplan skal fortsett gjelde og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Stordelar av arealet er regulert i eldre planar til naust, fritidsbustader, friareal, gangstiar, småbåthamn og veg. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspel


Intensjonen med reguleringsendringa er å leggje til rette for tilkomst, parkering og pumpehus til naustrekke N1 (lengst sørvest) i gjeldande reguleringsplan, samt justeringar i tråd med løyver og bygd situasjon.



Flyfoto frå oppstartsmelding og planavgrensing

### Planfaglege merknadar

Det ligg til kommunane å vurdere om tidlegare vedtekne, ikkje utbygde område for utbygging i



strandsona skal oppretthaldast eller takast ut av overordna plan. Pbl § 12-1 stadfester at all ny utbygging og nye tiltak i utgangspunktet er vurdert å ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og vil krevje reguleringsplan. I og med at arealet har gamal reguleringsplan og er avsett til slike formål i gjeldande KPA, er det positivt at kommunen gjennom dette arbeidet får ein oppdatert reguleringsplan for området. Likevel vurderer fylkeskommunen at gjeldande KPA er gamal, og at å planlegge for å tilpasse planane til utbygging som er gjort, ikkje er eit godt plangrep.

### Strandsone

Utbygging i strandsona bør skje mest mogleg konsentrert og i tilknytning til område som er utbygde frå før. Samstundes er ikkje fortetting i strandsona som ein regel positivt. Dette er ofte til hinder for allmenta sin tilgang for friluftsliv, det verkar

privatiserande både frå land og sjø, og naturen sin eigenverdi blir forringa.

I oppstartsvarselet seier ein at:

*Planforslaget sine tiltak vurderast i høve til samfunn og miljø, der m.a. naturmangfald, støy og trafikkavvikling vil utgreiast som del av planarbeidet. Det skal utarbeidast ROS-analyse.*

Dette er positivt, men Vestland fylkeskommune vil minne om at desse 5 verdiane skal vurderast når ein vil legge til rette for bygging i strandsona:

- Naturmiljø
- Kulturarv
- Friluftsliv
- Landskap
- Allmenne interesser i heilskap

Saman med plan- og bygningslova gjev Statlege planretningsliner (SPR) rammer, og den digitale strandsoneretteleiarer for Vestland er eit reiskap for kommunal planlegging.

Vestre vågen er i stor grad nedbygd i 100-meters beltet, då det er fleire mindre planar kring vågen, som i hovudsak legg til rette for privat opphald og aktivitet. SPR seier at ny utbygging og utviding av eksisterande, skal trekkast så langt bort frå sjøen som mogleg. Fylkeskommunen minner også om at SPR, kapittel 8.2 :

*Ved utarbeiding av reguleringsplaner som innebærer bygging i 100-metersbeltet på arealer som er delvis utbygde, skal ferdslshensyn og tilpassing av tiltak til landskapet spesielt vektlegges. Privatisering og gjentetting av strandarealer skal unngås.*

Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger har plankart med arealsonar og retningsliner. Planen har mellom anna mål om at det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona. Planområdet er omfatta av arealsone landskap, som utsnittet under viser. Arealsoner landskap er vurdert som regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Områda omfattar registreringar av nasjonal eller regional verdi innan alle desse plantema. Det er i desse områda eit særskilt fokus på estetikk og tilpassing for eksisterande anlegg og tiltak.

Planområdet ligg i arealsone 4, Børøyfjorden – Kanalane. Landskapet i området er registrert med stor og middels verdi. Vestland fylkeskommune vil minne om retningslinene til den regionale planen, med særskild vekt på desse:



- 2.22 Kommunane skal vurdere om tiltak som tidlegare er godkjent i kommuneplan eller reguleringsplan, er i samsvar med nasjonale og regionale føringar for strandsona.
- 2.3 Kommunane skal særleg prioritera medverknad frå organisasjonar innan natur, friluftsliv, kystkultur og kystnæringar i tillegg til statlege sektororgan.
- 2.31 Brygger skal ikkje byggast slik at dei stenger for allmenn ferdsel mellom naust og sjøen. Brygger bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep.

Vestland fylkeskommune vil rå til at det i detaljreguleringa særleg blir tatt omsyn til landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, og at det blir lagt til rette for fellesløysingar og openheit mellom sjø og land, med tilkomst for allmenta frå begge sider.

### Kulturminne og kulturmiljø

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og bli vurdert som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Påviste kulturminne må takast omsyn til i planarbeidet, og planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Eksisterande utbygging i høve til gjeldande reguleringsplan og nyare tiltak gjer at dei aktuelle areala no er i stor grad nedbygd, og blir vurdert til ikkje å ha høgt potensiale for funn av bevarte kontekstar med uregistrerte kulturminne i marka.

### Samferdsel og infrastruktur

Vestland fylkeskommune legg til grunn at tilknyttinga til fylkesvegen blir utforma etter gjeldande handbøker.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

### Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg vekt på vurdering av strandsone-verdiane med vekt på natur, landskap, friluftsliv, tilgang for allmenta, kulturminne og kulturmiljø og infrastruktur. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagansvarleg  
NPI – Plan, klima og analyse

**Cathrine Grasdal**  
rådgjevar  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### **Sakshandsamarar**

Tore Slinning – Arealplan - KFO  
Eva Birgitte Teige – Forvaltning Bergensområdet - INV

## Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

haga@abo-ark.no

Karmsund Havn IKS  
Garpeskjærvegen 2  
5515 Haugesund  
Postboks 186, 5501 Haugesund  
T: +47 52 70 37 50  
F: +47 52 70 37 69  
E: postmottak@karmsund-  
havn.no

Vår ref:	Saksbehandler	Dato
2023/202 2	Martin Lie Hauge	20.10.2023
Deres ref:		

## PlanID 202306 - Melding om oppstart av Detaljregulering for naust - og fritidsbustad Aravikjo, gbnr. 8/67 Ytre Håvik

Det vises til ovennevnte varsel om oppstart.

Ved planlegging i sjø må ta det tas hensyn til sjøvertsferdsel, og det er derfor viktig at det ikke planlegges tiltak/aktiviteter som kan komme i konflikt med fremkommeligheten i farleden. De tiltak som planlegges etablert, må prosjekteres og dimensjoneres slik at de tåler den belastningen de kan bli påført i farvannet.

Vi anbefaler at det blir tatt inn i planbestemmelsene krav om etablering av redningsstiger i småbåthavnen.

Ut over dette har ikke Karmsund Havn IKS ytterligere merknader til planen.

Karmsund Havn IKS vil minne om at alle tiltak som kan påvirke sikkerheten eller framkommeligheten i farvannet krever tillatelse etter lov om havner og farvann av 21.juni 2019. Det må tas med i planbestemmelsene at tiltak som faller inn under havne – og farvannslovens bestemmelser skal godkjennes av havnemyndighet.

Med hilsen

Martin Lie Hauge  
Fagansvarlig jurist

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet signatur.*

**ABO Plan og Arkitektur**

**v/ Berit Haga Vikanes**

[poststord@abo-ark.no](mailto:poststord@abo-ark.no) / [haga@abo-ark.no](mailto:haga@abo-ark.no)

**Bømlo kommune**

**Avd. Areal-/ regulering-/byggesak**

[postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no)

**Gjeld; Detaljregulering for naust- og fritidsbustad Aravikjo gbnr 8/ 67 Ytre Håvik, PlanID 202306, datert 20.09.23 samt Planinitiativ – Reguleringsendring av Utbyggingsplan for rorbu/ naustområde Ytre Håvik gnr 8 bnr 1, datert 19.09.23.**

Me som var mellom dei tidlegaste eigarar av rorbu (år 2000), er overraska over diverse informasjon som kjem fram i Dykkar planinitiativ – og påklagar at mellomveg er sprengt gjennom friområdet, som no vert omsøkt å bli permanent.

Då me kjøpte eigedom gbnr 8/ 78 viste tilførselsvegen å stoppa her (utbyggingsplan vedteken i Bømlo kommune 20.06.96).

For at eigar av naustområde N2, Sigbjørn Håvik skulle få vegrett til sin eigedom, vart vegen sprengt vidare fram til friområdet, i samband med tilrettelegging for bygging naust. Me, eigar av gbnr 8/ 78 vart ikkje offisielt nabo-varsla om tiltaket – truleg ville det vore krav.

Seinare (år 2007) blei me gjort kjent med at rådgjevarkontor Johs. Tufteland AS hadde, på vegner av grunneigar, levert (til Bømlo kommune) søknad om endra utbyggingsplan, datert 01.06.07. Kart-delen er vedlagt her. Me blei seinare kjent med at denne søknaden vart trekt tilbake.

I dette regulerings-forslaget er vist eigen veg fram til naustområde N1 – som NB! Ikkje får **stigning 37,5%**, ei heller går **utanom planområdet**, slik de skriv. Sjå Dykkar dokument E) Funksjonell og miljømessig kvalitet, 2. avsnitt – der de rettar blikket på ei vegløyving som er ubrukeleg. Her må ein sjå kva som er praktisk løyving **innafor** planområdet!

Utan forvarsel eller offisiell nabovarsling vart vegen seinare sprengt vidare **gjennom** friområdet – slik at det no ligg ein liten, delvis sundsprengt friområde-knaus att mot sjøsida, avskore frå resterande friområde. Det er innlysande at dette tiltaket er vesentleg rimelegare for grunneigar å utføra enn ny veg vist på vedlegget. Det har i denne samanheng vore nemnt at dette er midlertidig vegtrase for tilkomst maskinar og utstyr i byggetida for naust i N1. Med eit utbyggingstempo som fram til no, vil truleg «midlertidig» veg vara i fleire år fram i tid.

Me meiner det er ganske alvorleg og skadeleg tiltak som er gjennomført – og må sjølvstundt snarast førast tilbake så godt det let seg gjera – samt at det vert gangsti til felles badestrand. Ny køyrbar veg til naustområde N1 bør byggjast nokolunde slik vedlagt kart syner.

Venlegst

Inger F. Haugland

(sign)

Arne Haugland

(sign)

1 vedlegg, kart reguleringsforslag 2007

FRAMLEGG TIL NY BEBYGGELSESPLAN FOR -

# Ytre Håvik

Gnr:8 Bnr:67

## TEIKNFORKLARING

PBL § 25 REGULERINGSMÅL

BYGGEOMRÅDE

(PBL § 25 1. ledd nr.1)

Område for fritidsbebyggelse. Regform 150

Område for naust. Regform 140

### SPECIALOMRÅDE

(PBL § 25 1. ledd nr. 6

Privat kjøreveg-parkering. Regform 601

Friluftsområde. Regform 613

Friluftsområde i sjø. Regform 614

Privat småbåtleiing. Regform 619

### STREKSMBOL

Planens avgrensning. Itema 1201

Planens avgrensning. Itema 1201

skrent

Ny torbu

Eksisterende torbu / naust

Planidat: S08T

Kartidat: N0048 akse 1

Skala = 1:1000

Revisjon: 0001



FRAMLEGG TIL NY BEBYGGELSESPLAN FOR -  
Ytre Håvik, Gnr:8, Bnr:67

John Totland

BØMLO KOMMUNE

Planidat

5430 Brønnøysund

SANSHANDLING I TILGJELIGE PLAN OG BYGGERISIKOVA

Dato: Saknr.

Tilleggare vedtatte planar

Reguleringsplan. Gnr:8 Bnr:1 Ytre Håvik

19.02.04 1. utkast

PLANEN ER UTARBEID AV:

JOHANNES TUFTELAND

PROJEKTERING

SNKSNR.

130/2005

12. mai 2007

